



Hans Reidar Kjærland og Terje Myklebust er krumtappane i vassverket. Dei har fleire viktige spørsmål å handtera om dagen. Til høgre under det ekstraordinære årsmøtet sit Johannes Feet(Foto: Ola Matti Mathisen)

Selskapet Uskedal vassverk skal drivast basert på sjølvkostprinsippet og med almennyttige føremål som basis. Det skal ikkje gå med overskot over tid.

Dette vert slege fast i dei justerte vedtektene som vart vedteke under eit ekstraordinært årsmøte på skulen ikveld. Fleire viktige paragrafar vart endra for at vassverket skal unngå ein beskatning som kunne ha kome opp i fleire hundre tusen. Justeringa skjer etter anbefaling av revisor.

I dei vedtektene som var gjeldande før møtet heitte det at mogeleg overskot på drifta skulle godskrivas føretakets eigenkapital og nyttast til fornying av driftsmidlar med meir.

No heiter det også at vassverket ikkje skal gå med overskot over tid, men sikra forsvarleg drift og framtidige investeringar basert på sjølvkostprinsippet.

I paragrafen om ein mogeleg oppløysing heitte det før at ein eventuell nettoformue då skal delast mellom medlemmene etter det antal partar dei har skote inn.

No heitar det at medlemmene ikkje har rett til utdelingar ved ein avviking, Midlane skal i så tilfelle overførast til den institusjon, offentlig eller privat, som overtar leveringsplikta for vatn og som vert drive basert på sjølvkostprinsippet og med almennyttig føremål som basis, Alternativt kan midlane førast over til anna institusjon med almennyttig føremål.

Andre viktige paragrafar er ikkje endra. Til dømes kostar det framleis 15 000 kroner å verta medlem. Før beløpet er betalt inn vert ein ikkje kopla til nettet. Partseigaren har då rett til å få vatn til eitt våningshus og eitt uthus i tilknytning til våningshuset mot å betala fastsett vassavgift.

Det andre private vassverket i kommunen, i Rosendal, er iferd med å gjera dei same justeringane av vedtektene.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen